
Til: Fylkesordfører

Frå: Fylkesrådmann

Kontaktutval E39 – Tilleggsvurdering knytt til deltaking frå Rogaland

Bakgrunn

Vi viser til notat datert 11. april «*Kontaktutval ferjefri E39 - Spørsmål i fylkesutvalet til fylkesordfører*», der det vart lagt fram skisse til mandat og samansetting for eit slikt kontaktutval.

I epost frå fylkesordfører 5. mai vart det spurt om kontaktutvalet og bør omfatte heile strekninga til Aksdal, slik at også Rogaland blir med i dette arbeidet. Det vert her gitt ei vurdering av dette.

Drøfting

SVV har søkt Samferdselsdepartementet om å lengje den statlege planen frå Aksdal til Bokn. Etter det vi kjenner til, vil SSV starte planarbeidet med strekninga Leirvik – Os. Planarbeidet for resten av strekninga vil starte opp seinare, utan at det er førebels er fastsett oppstart for dette arbeidet. Spørsmålet er om eit kontaktutval skal fokusere på same strekning som planarbeidet for den statlege planen, eller alternativt fokusere på heile aksen Bergen-Stavanger.

Deltaking frå Rogaland vil kunne gi større politisk tyngde for arbeidet med å få prioritert utbygging av heile E39 mellom Bergen og Stavanger. Likevel vil ein sjølvstendig kunne koordinere den politiske innsatsen på tvers av fylkesgrensene på andre måtar. Eit felles kontaktutval med Rogaland kan bli prega av at det er ulike interesser knytt til prioritering av rekkjefølgje på utbygging langsetter E39. Vi kan forvente at Rogaland særleg vil fokusere på framdrift for utbygging av Rogfast og på strekninga Stavanger-Haugesund.

Eit kontaktutval kan òg ha fokus på tilknytingsvegar til E39. I så fall har Hordaland særleg interesse av løysingar i Tysvær, med kryss ved Aksdal og Vågsbotn, der E134 og E39 møtast. Ut over dette har Rogaland og Hordaland i låta grad felles interesse av øvrige tilknytingsvegar.

I eit utval med deltaking frå Rogaland vil det òg bli aktuelt å ta inn fleire interessentar, som næringsliv på Haugalandet, samt kommunane Haugesund, Tysvær og Bokn. Vi spør om dette kan komplisere arbeidet i utvalet. Om utvalet skal fokusere på heile strekninga, Bergen – Stavanger, krev det òg deltaking frå Stavanger.

Tilråding

Særleg grunna at planarbeidet i første omgang skal dekkje strekninga Leirvik-Os, vil vi rå til at Rogaland ikkje vert inviterte inn i eit kontaktutval no. Dette kan vurderast på nytt når planarbeidet frå Leirvik og sørover startar opp. Det kan sjølvstendig etablerast politisk kontakt på tvers av fylkeskommunane uavhengig av eit politisk kontaktutval. Når det gjeld heile E39, er det naturleg at Vestlandsrådet vert brukt.

Eit alternativ til eit felles kontaktutval der og Rogaland deltek, kan vere at dei aktuelle kommunane og Rogaland fylkeskommune vert inviterte til møte når det er saker som er særleg aktuelle for Rogaland.